



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:

12.03.2021

Vår ref:

2021/3998

Dykkar dato:

05.03.2021

Dykkar ref:

21/964 - 21/14815

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 126/39 - Hope - kai ved eksisterande naust - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 05.03.2021. Saka gjeld søknad om oppføring av kai på eigedom med påståande naust. Kaifront mot sjø har ei lengd opplyst til 12,6 meter, og kaiarealet er oppgitt til 43,9 m².

Tiltaket er dels omfatta av reguleringsplanen for Hope, del av gnr 126 bnr. 10 m.fl. (planid. 1263-19062003), der arealet er avsett til felles/privat småbåtanlegg på land, S4, og dels av kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad (planid 1263-200905) der området i sjø er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag. Sjøarealet er også del av marint verneområde for Lurefjorden og Lindåsosane.

Det er ikkje fastsett byggegrense mot sjø verken i reguleringsplanen eller kommunedelplanen. Det er kommunen si vurdering at tiltaket krev dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 og arealføremålet i sjø.

Vi forstår det slik at kommunen ønsker tilbakemelding på både dispensasjon frå kommunedelplanen og dispensasjon frå tiltak i marint verneområdet for Lurefjorden og Lindåsosane.

Marint verneområde for Lurefjorden og Lindåsosane

Søknaden er ikkje klar på kva inngrep tiltaket krev i sjø og kor djupt tiltaket vil vere. For at tiltaket skal ligge innafor verneområdet for Lurefjorden og Lindåsosane, må tiltaket gå utover djupnekote 2 under sjøkartnull, jamfør [verneforskrifta](#). For å eventuelt handsame ei dispensasjon frå verneforskrifta treng vi meir informasjon om korleis fundamenteringa blir, korleis tiltaket skal utførast, til kva tid av året og om det skal nyttast boring, sprenging osv. Verneforskrifta fortel kva verneregler det eventuelt trengs dispensasjon frå. Om det vert vurdert at det er naudsynt med dispensasjon frå verneforskrifta må det i tilfelle søkjast om dispensasjon i eiga søknad til Statsforvaltaren i Vestland.



Statsforvaltaren si vurdering av dispensasjon

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det dispenserast frå og plan- og bygningslova sine formål, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Vi viser elles til pbl. § 12-4, 5 ledd som mellom anna seier at om eit tiltak ikkje er «*satt i gang senest ti år etter at planen er vedtatt, skal kommunen før avgjørelse av byggesøknad for nye utbyggingsområder etter planen, påse at planen i nødvendig grad er oppdatert*». Den gjeldande reguleringsplanen er ifrå 2003 og kommunedelplanen, som stadfester reguleringsplanen med omsynssone for vidareføring av gjeldande reguleringsplan, er ifrå 2010.

Vi vurderer at området har strandsoneverdiar, med få tiltak nær sjø. Den funksjonelle strandsona fastsett i kommunedelplanen som retningslinje, underbygger denne vurderinga. Statsforvaltaren meiner ein ikkje bør gje dispensasjon frå pbl § 1-8 for tiltak som vil auke privatiseringa eller har negative verknad for landskapet eller naturmangfald, utan at det er særlege forhold som taler for det. Etter det vi kan sjå så ligg naustet ganske godt tilpassa landskapet i dag. Ein utviding av bygd areal ut i fjorden vil, slik vi ser det, verke negativt på opplevinga av landskapet og vil i større grad privatisere området.

Statsforvaltaren rår ifrå dispensasjon for kai.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Statsforvaltaren for klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
sekjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN